

# MATPAKKESEMINAR I JON LILLETUNS ÅND

Arbeidstittel: «*I barndommens rike*»

Vossestrand, 21.oktober 2017 kl. 10.00 -016.00

## PROGRAM

09.45: Velkomst. Opning ved fung. Fylkesordfører Pål Kårbo

10.00: Margreth Olin: «*Barndom*»

11.45: Knut Arild Hareide : «*Barndommen varer livet ut*»

12.15: Valgerd Svarstad Haugland: «*Det skal ein landsby til for å oppdra eit barn*»

12.45: Lunsj

13.30: Kulturelt innslag: «*Sang. kveding og felespel av born fra bygda. V. Ellen Marie Selland Geitung*»

13.45: Karin Lilletun Langeland: «**Jeg datt ut av videregående allerede i barnehagen». Om betydninga av tidleg innsats.**

14.15: Bjørg Tørresdal: «*Gagns menneske er meir enn teori og basisfag*»

15.00; Kjersti Toppe: «*Oppvekst med fokus på folkehelse og livsmeistring*»

15.30: Svein Helgesen: «*God tur, skolepike*»

15.50: Avslutning v/

## « I barndomens rike »

***Barn og unge stod alltid høgt på dagsorden hjå den folkekjære og frodige Jon Lilletun.***

Nokre dager etter 70 årsdagen for Jon Lilletuns fødsel vart boka «***Røtter og vinger. Eit matpakkeseminar i Jon Lilletuns ånd***» presentert på ein bok- og kulturkveld på Vossestrand. Oppslutninga om arrangementet var stor, og i etterkant kom det opp ein ide om å gjera det til ein lokal tradisjon å heidra bygda sin store son og halda oppe samfunnsengasjementet hans gjennom å skipa til faglege seminar annakvart år.

Underteikna har arbeidd vidare men ideen og inviterer no til det første «***matpakkeseminaret***» i Jon Lilletuns ånd på Vossestrand lørdag 21. oktober. Namnet «***matpakkeseminar***» har me henta frå Lilletun sjølv, som i si tid som minister tok initiativ til slike samlingar for dei tilsette i departementet. Seminaret i oktober har som fagleg hovudtema «***I barndommens rike***». Barn og ungdom stod alltid høgst på dagsordenen for den folkekjære og frodige politikaren. Den 17. oktober er det 20 år sidan han starta arbeidet sitt som kyrkje- og utdanningsminister.

«***Skule er å vera med på å byggja menneskerverd. Utdanning er sãmansarbeid på barn og unge sin livsåker***», sa Lilletun. Han var oppteken av at me aldri må sjå barnehage, skule og høgere utdanning som læringsfabrikkar, men som veksthus. Han var opptatt av å gjødsla jordsmonnet slik at det gir næring til menneskets røter, å gi nye generasjonar tru, mot, kunnskap og klokskap stor nok til at dei kan løfta vengene sine – og fly.

Den 21. oktober har me fått med oss eit knippe kjende foredragshaldarar til å kasta lys over det aktuelle temaet. Filmskaparen Margreth Olin vil teikna bakteppet med filmen sin «***Barndom***». Vidare deltar politikarane Knut Arild Hareide og Kjersti Toppe, barnehagestyrar og universitetslektor Karin Lilltun Langeland (som er dotter til Jon Lilletun), fylkesmann og tidlegare statsråd Valgerd Svarstad Haugland og rektor og tidlegare statssekretær Svein Helgesen. Seminaret blir opna av fung, fylkesordførar i Hordaland, Pål Kårbø.